



Sunnfjord  
kommune

# Vurdering av strukturtiltak

Tiltak A - «Heile Førde» ungdomsskule



# Innhald

<b>Tiltak A «Heile Førde ungdomsskule» .....</b>	<b>3</b>
Beskriving av tiltak.....	3
Geografi og elevtalsutvikling .....	3
Ny krinsgrense i Førde sentrum .....	6
Kapasitet ungdomssteg.....	11
Kapasitet barnesteg .....	11
<b>Konsekvensar .....</b>	<b>12</b>
Økonomisk effekt.....	12
Konsekvensar for elevane .....	13
Fagmiljø og læringsutbytte .....	13
Klassesstorleik og læringsmiljø.....	14
Elevmiljø og trivsel .....	14
Overgangar og kontinuitet.....	14
Fellesaktivitetar og identitet.....	14
Skuleveg .....	15
Konsekvensar for tilsette .....	17
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	17
Andre konsekvensar.....	17
<b>Effekt- og konsekvensmatrise .....</b>	<b>18</b>
<b>Konklusjon .....</b>	<b>19</b>

# Tiltak A «Heile Førde ungdomsskule»

Tiltaket består av to hovudaktivitetar:

- Halbrend skule (ungdomssteget) og Førde ungdomsskule vert slått saman og blir lokalisert på tidlegare Hafstad vidaregåande skule.
- Førde barneskule vert flytta til Slåtten og Flatene skulekrins. Nye krinsgrenser i Førde sentrum. Førde barneskule sitt bygg vert frigitt.
- Flatene skule vert flytta til Halbrend skule, som blir 1.-7.-skule. Flatene skulebygg vert frigitt, og kan nyttast til andre kommunale tenester eller seljast.

Alternativ aktivitet:

- Flatene blir ein 1.-4.-skule og Halbrend blir ein 5.-7. -skule.

Start | Haust 2026


## Beskriving av tiltak

### Geografi og elevtalsutvikling

I Førde sentrum er det 4 grunnkretsar: Slåtten, Førde, Halbrend/Flatene og Sunde. I tillegg kjem Holsen krins til Halbrend på ungdomssteget.


Førde ungdomsskule får i dag sine elevar frå Slåtten og Førde barneskular. Halbrend får sine elevar frå Flatene, Sunde og Holsen barneskular.

Elevar med adresse i Holsen og Sunde krinsar vil måtte køyre forbi Førde ungdomsskule for å komme opp til Halbrend skule når Førde ungdomsskule tek Hafstad VGS-bygget i bruk. Halbrend ligg omlag 1,9 km frå tidlegare Hafstad vidaregåande, der Førde ungdomsskule skal flytte inn.



Figur 1 - Skulekrinsar i Førde sentrum

Med utgangspunkt i barnetal frå folkeregisteret ser elevtalsutviklinga slik ut for ungdomssteget:




Her er elevtal ved Førde ungdomsskule og Halbrend ungdomssteg med gjeldande skulekrinsar. «Heile Førde» ungdomsskule er summen av dei to ungdomsskulane.

Med utgangspunkt i barn som er folkeregistrert i skulekrinsane i dag vil det vere 538 elevar på ungdomssteget hausten 2026 (født 2011-2013) som hører til Førde ungdomsskule og Halbrend skule.

Av dei elevane er det omlag 110 som vil ha rett på skyss på grunn av avstand til/frå Hafstad VGS. Om ein ser på kor mange elevar som ville hatt rett på skyss til Førde ungdomsskule og Halbrend skule er talet 108. Dette utgjer ein auke på to elevar. Dette anslaget er basert på tal elevar innafor 4 km, radius frå skulebygga. Det kan i realiteten vere fleire då det er vegavstand, og ikkje luftlinje, som gjeld.

For barneskulane ser utviklinga det slik ut med gjeldande skulestruktur:




## Ny krinsgrense i Førde sentrum

Flyttinga av Førde barneskule er spesielt utfordrande på grunn av geografien og trafikkmønsteret i Førde sentrum. Vi ser at det er tre hovudalternativ når det gjeld elevmassen som i dag krinsar til Førde barneskule.


1. Ny krinsgrense der Presteholten, Toene og Falkenstein vert flytta til Slåtten skule. Resterande elevmasse vert flytta til Halbrend.
2. Krinsgrensa vert justert slik at elevar som bur nord for Jølstra og Førdefjorden soknar til Slåtten skule. Resterande elevmasse vert flytta til Halbrend.
3. Heile elevmassen ved Førde barneskule vert flytta til Slåtten skule.

Dette kartet syner Førde barneskule sin skulekrins i dag.




Figur 2 - Førde barneskule sin skulekrins


Dette kartet syner grensene i sentrum i detalj:



Under er grensa i alternativ 1 skissert opp:




Den nye grensa er vidareføring av Slåtten skule sin krins i dag, og i tillegg området som nord for den tynne blå linja i utsnittet under. Dette utgjer Falkenstein, Toene og Presteholten.




Den nye grensa føl kyrkjevegen men tar med seg dei bustadane som er knytt til vegen slik at ein i størst mogleg grad unngår å splitte nabolog.


Med denne kringsgrensejusteringa vil vi få følgande elevtal:




Dersom ein ser på det alternative tiltaket med å behalde Flatene, vil elevtalet samla for Flatene og Halbrend vere likt med talet over, men vil fordele seg slik:




Dersom vi flyttar elevane som bur nord for elva og Førdefjorden til Slåtten skule, vil Slåtten sin krins sjå slik ut:



I sentrum blir grensa slik:



Med ei slik kringsgrense vil elevtalsutviklinga sjå slik ut i dei to skulekrinsane



## Kapasitet ungdomssteg

Førde ungdomsskule har i dag 305 elevar. Halbrend skule sitt ungdomssteg har i dag 300 elevar. Avviket frå det folkeregistrerte elevtalet skuldast mellom anna dispensasjonar, gjesteelevar, tiltak i samarbeid med avlastinga og Førde ungdomsskule si rolle som forsterka skule i høve auka tal flyktingar.

Rapport utarbeidd av Norconsult i 2022 var svar på ei bestilling der vi ville ha svar på om skulen kunne huse 480 grunnskuleelevar. 480 elevar utgjer 16 klassar på 30.

Bygget har i dag 22 klasserom, men nokon av desse må oftast for å få tilfredsstillande areal på spesialrom. I alternativ A i denne rapporten er det tilgjengeleg 18 klasserom, og det er ikkje vurdert om det er plass til enda fleire då bestillinga var avgrensa til maksimalt 480 elevar.

Ved å flytte 538 elevar inn på Hafstad VGS-bygget kan vi kunne oppleve ein situasjon der det er trengsel på spesialrom. Denne trengselen vil avta då elevtalet vil gå frå 538 i 2026 til 485 fram mot 2029. Dersom elevar i Holsen krins vert flytta til Vassenden (tiltak D), vil elevtalsutviklinga i same periode gå frå 512 til 467.

Det er avgjerande at vi finn gode løysingar i arbeidet med å bygge om ungdomsskulen, slik at bygningsmassen blir i stand til å huse elevtalet, på kort og lang sikt.

## Kapasitet barnesteg

Med nedlegging av Førde barneskule, og omorganisering av Halbrend skule til å bli ein rein 1.-7.-skule aukar ein elevmassen på Slåtten betrakteleg.

På Halbrend skule er det 19 klasserom. Det gir kapasitet på 475 elevar dersom vi har 25 elevar i kvart klasserom. Godt innafor med begge alternativ for krinsgrense, og med betydeleg overkapasitet dersom ein held fram drift på Flatene.

På Slåtten skule er det 21 klasserom, der eitt av dei er mindre eigna. Dette gir ein kapasitet på maksimalt 500 elevar dersom vi har 25 elevar i kvart klasserom. Det er trengsel på spesialrom som grupperom og gymsal med dagens elevtal på 413, og skulen melder om behov for areal til arbeidsplassar for lærarane. Dette vil bli ei større utfordring ved enda høgare elevtal.

Dersom Slåtten skule skal kunne ta i mot elevar frå Førde barneskule sin krins må det pårekna investeringar for å dekke behov for spesialrom og kontorplassar. Med krinsgrensejustering 2, der alle elevar nord for eleva og Førdefjorden går til Slåtten skule, vil oppgraderinga av Slåtten også bety bygging av fleire klasserom. Med alternativ 1, der vil det vere nok klasserom, men mangl på spesialrom/kontor.

# Konsekvensar

## Økonomisk effekt

Vi får ikkje effekt av dette tiltaket før siste halvdel av 2026, altså full effekt i 2027. Vi ser for oss følgande effektar:

- Reduksjon i leiingsressurs
- Effektivisering av drift (stordriftsfordelar)
  - Reduksjon i andre kommunale årsverk (Merkantil, bibliotekar osb.)
  - Meir effektiv avvikling av valfag og språkfag
- Reduksjon i tal skulebygg.
- Auke i elevar med behov for skuleskyss
- Auka investeringsbehov for å tilpasse skulebygg.
- Redusert investeringsbehov ved å ikkje gjere Førde ungdomsskule om til barneskule.
- Reduserte leigeutgifter ved å flytte andre tenester inn på gamle Førde ungdomsskule.

Auka på 2 elevar med rett til skuleskyss er usikkert då det er basert på dagens busetnad. Dette talet kan svinge begge vegar fram mot 2026. At talet er så lågt gir grunn til å konkludere med at å flytte begge ungdomsstega til Hafstad VGS ikkje vil utløyse auka skyssbehov av betydning.

	Budsjettår		Økonomiplanperiode				
	2024	2025	2026	2027	2028	2029	
Teneste 202	0	0	2538	6330	6661	6677	
Bygg Flatene	0	0	1850	4442	4442	4442	
Bygg FBSK**			2166	5199	5199	5199	
Tilskot pr. grunnskule*	0	0	-1126	-1126	-1126	-1126	
Samla innsparing	0	0	5 429	14 846	15 177	15 193	

\* Gitt at ordninga frå dagens regjering vert vidareført

\*\* Gamle Førde ungdomsskule

Dersom vi legg alternativet med å halde fram med Flatene skule til grunn vil den økonomiske effekten sjå slik ut:

	Budsjettår		Økonomiplanperiode				
	2024	2025	2026	2027	2028	2029	
Teneste 202	0	0	1 423	3 653	3 989	4 002	
Bygg FBSK			2166	5199	5199	5199	
Tilskot pr. grunnskule*	0	0	-563	-563	-563	-563	
Sum			2 659	7 408	7 744	7 757	

\* Gitt at ordninga frå dagens regjering vert vidareført

I tillegg til utslaga i tabellen over vil ei nedlegging av Førde barneskule kunne ha betydeleg effekt:

	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Sparte leigeutgifter VOI		3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Sparte leigeutgifter Aktivitetseininga		2 300	2 300	2 300	2 300	2 300
Reduserte investeringeskostnadar		15 000	15 000			

- Vi unngår investeringeskostnad på over **40 millionar kroner** for å bygge om gamle Førde ungdomsskule. 40 Millionar er henta frå Norconsult sin rapport, og vil i realiteten vere høgare grunna prisvekst m.m. Det er sett av 30 millionar i økonomiplanen.
- Vi kan omdisponere Førde ungdomsskule til lokale til Aktivitetseininga og Vaksenopplæring og integrering. Åleg leiger desse einingane lokale for over 5 millionar kroner.
- Å ikkje ha barneskule på gamle Førde ungdomsskule vil også kunne bidra til at Solsida barnehage kan få utvide sitt uteområde, slik at det er i tråd med anbefalt areal. Dei manglar om lag 900 m<sup>2</sup> for å oppnå norma.

Sjølv om Halbrend skule har god kapasitet vil det vere behov for nokre justeringar for å ta i vare behova ein har i begynnarpoplæringa og SFO. Dette kan bety mindre endringar på utforming av opphaldsrom og garderober, samt uteområde. Dersom ein går for alternativ A må dette arbeidet starte opp snarast. Om ein går for alternativ to, har ein betre tid til å gjere desse endringane dersom ein ser føre seg at ein etter kvart skal samle skulane i eitt bygg.

Det same gjeld for Slåtten skule. Der vil det vere behov for å auke kapasiteten i høve spesialrom/grupperom, samt kontorareal til tilsette.

Sal av Flatene skule vil kunne gje inntening som bidrar til å dekke eventuelle investeringeskostnadar.

## Konsekvensar for elevane

### Fagmiljø og læringsutbytte

Ein større skule kan tilby eit breiare spekter av valfag og spesialiserte undervisningstilbod, noko som kan auke elevane sin interesse og sikre fleire tilpassa tilbod. Med fleire elevar og lærarar blir det også mogleg å byggje robuste fagmiljø, der ein kan rekruttere lærarar med spesialkompetanse og investere i meir avansert utstyr for praktiske fag som teknologi, kunst og naturfag. Fleire ressursar kan leggje til rette for tverrfaglege prosjekt, der lærarar frå ulike fag kan samarbeide og gi elevane meir heilskapleg opplæring.

## Klassestorleik og læringsmiljø

Med 538 elevar på Hafstad VGS, vil vi få minst 18 klassar, og vil truleg drive skulen tett opp i mot det som er maksimalt med tanke på kapasitet/rom. Med dette elevtalet vil Førde ungdomsskule vere ein 6-parrallells skule. Dette vil stille krav til areal, ressursar og eventuelle nye fasilitetar og i rapporten frå Norconsult vert det peika på at dersom ein har 6 parallellar bør ein utvide med eit kjøkken for 20 elevar.

Eit større skudemiljø gir moglegheit for fleksible læringsgrupper som styrkar tilpassa opplæring.

Det må også leggast til grunn at større miljø kan vere utfordrande for enkelte elevar, og bidra til svekking av tryggleikskjensla. Fleire elevar betyr og at vi i større grad greier å fylle opp klassar. Dette vil gi betre utnytting av ressursane, men i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget «Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen» kom det tydeleg fram frå både FAU og dei tilsette, at fulle klassar ikkje var til det beste for alle elevar.

## Elevmiljø og trivsel

Eit større elevtal gir meir variasjon i det sosiale miljøet, med fleire moglegheiter til å danne vennskap og styrke den sosiale dynamikken på skulen. Å samle ungdom i Førde sentrum bidreg til eit felles ungdomsmiljø, der elevane kan finne vene med liknande interesser og oppleve sterkt tilhøyrsla. Eit større skudemiljø legg også til rette for enklare rekruttering til ungdomsklubb, andre fritidstilbod og sosiale aktivitetar.

Samtidig vil eit større miljø krevje tiltak mot mobbing og systematiske arbeid for å styrke sosial integrering. Her har skulane mykje gode erfaringar, som ved til dømes programmet «Draumeskulen».

Ein gjennomgang av internasjonale og norske studiar om kva skulestorleik betyr, konkluderer med at det er liten samanheng mellom skulestorleik og elevane si læring og trivsel når ein har teke omsyn til andre bakgrunnsvariablar ([UDIR](#)).

## Overgangar og kontinuitet

Behovet for skuleskyss vil vere tilnærma uendra, sjølv med ny skulestruktur.

Samling av ungdommane i Førde sentrum, og ein 1.-7. skule på Halbrend gir styrka kontinuitet i overgangen mellom hovudsteg og sikrar stabilitet over tid. Ein vil ikkje lengre ha elevar som kjem til ein ny ungdomsskule der fleire av dei nye medelelevane allereie har vore elev på skulen i to år.

## Fellesaktivitetar og identitet

Samling av elevar og ressursar i ein større skule kan styrke fellesskapskjensla, gi større arrangement som skuleball, kulturkveldar og idrettsdagar, og byggje ein sterkt skuleidentitet. Med ei felles samling av ungdom på ein sentrumsskule kan ein også utvikle tradisjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap på tvers av bakgrunnar og interesser. Samla ressursar for tilbod som helsejukepleiarar og miljøarbeidarar vil bidra til ein meir stabil og tilgjengeleg støtte for elevane når dei treng det.

## Skuleveg

For elevar som skal til Halbrend og/eller Flatene skular vil det for elevane som tidlegare sokna til Førde barneskule bli ein noko lengre skuleveg, med fleire «trafikale faktorar» enn tidlegare. Det er særleg elevane på 2. – 7. steg som bur på Hornes, Bergum og Haugum som får ein krevjande skuleveg. Elevar i 1. klasse vil få rett på skyss grunna avstand.

Dei fleste har under 4 km avstand som er avstandsgrensa for 2. – 10. trinn, noko som betyr at dei ikkje har rett på skyss etter den regelen. Skulevegen for desse elevane vil truleg vere langs RV5 gjennom Førde sentrum, kryssing av vegen ved rundkøyringa framføre Førde Hotell og langs E39 opp til, og via, Liavegen.

Denne strekninga vil ha mange punkt som representerer ein viss fare når ein ferdast i trafikken, og ved å gjennomføre strukturgrepet må ein vurdere om skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg for elevane som skal ferdast der.

Utdanningsdirektoratet har i rundskriv 3-2009 i kapittel 12 prøvd å nærme seg ein definisjon av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg på følgjande måte:


«Elevar som ferdast i trafikken vil alltid vere utsett for ein viss fare. Dette er likevel ikkje nok til å få gratis skyss ettersom det må vere tale om ein «særleg risiko». Dette inneber at faren ved å ferdast på denne vegen må vere utanom det vanlege for at vegen skal kunne karakteriserast som «særleg farleg eller vanskeleg» skuleveg for den einskilde elev».

For å kunne vurdere om vegen er «særleg farleg eller vanskeleg», må alle relevante forhold ved vegen kartleggast. Dette kan vere trafikkettleik, vegdekke, vegbreidde, vegskulder, fotgjengarovergangar, fartsdumpar, lys, generell sikt, fartsgrense og ulukkesstatistikk.

Ein må også vere merksam på at trafikktihøva kan endre seg gjennom årstidene, t.d. lys/sikt, føre og brøyting. Deretter må det gjerast ei vurdering av om den enkelte elev har føresetnad for å ta seg forsvarleg fram i det aktuelle trafikkbildet. Ved den individuelle vurderinga må det takast omsyn til alder, utvikling, syn og høyrsel.

Spørsmålet i denne saka er om alle punkta langs skulevegen samla sett vil utgjere ein særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, og om det skal vurderast for kvar enkelt elev, eller opp til gitt alder/klassesteg. Elevar vil uansett alltid ha anledning til å søke om slik skyss, og få ei individuell handsaming.

Under kan ein sjå geografisk plassering av elevar frå 2.-7. steg hausten 2026, som får skulevegen sin gjennom Førde sentrum, totalt 55 elevar.



Figur 3 - Elevar på 2. - 7. steg hausten 2026 i området Haugum/Bergum

Elevar på Hafstadflata vil også få nokre lengre skuleveg. Det er derimot ikkje like lett å konkludere på om den blir tryggare eller mindre trygg, då utbetringar i Førdepakken har bidratt til betre forhold for mjuke trafikantar langs E39. Eit kritisk punkt vil vere at elevane må krysse gangfeltet ved rundkøyringa ved Førde Hotell.

For elevar som skal til/frå Nye Førde ungdomsskule har Førdepakken lagt til rette for trygg og god ferdsel både for gåande og syklande i området kring Hafstad vidaregåande skule. Elevmassen som tidlegare sykla/gjekk frå Vie-området og ned Angedalsvegen for å komme seg til Førde ungdomsskule, vil no kunne nytte ein tryggare skuleveg gjennom Hafstad-parken, eller langs E39 med avskilt gang og sykkelveg.

Skulevegen for elevane på Hornes, Bergum og Haugum vil vere eit kritisk moment i tiltak A. Det bør leggast til grunn i vurderinga at skulevegen vil kunne utløyse skyss for elevar som igjen vil vere ein kostnad som må løysast fullt ut av kommunen, då fylkeskommunen ikkje har skyssansvar for elevar grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

## Konsekvensar for tilsette

- Vi legg til grunn at det vil vere ein betydeleg betre prosess for dei tilsette om dei to skulane flyttar inn på Hafstad vidaregåande på same tid. Dersom Førde ungdomsskule flyttar først, vil tilsette på Halbrend oppleve at dei må tilpasse seg ein etablert kultur, i staden for å vere med å etablere den. Dette er eit innspeil som tidlegare har vore signalisert frå dei tilsette på Halbrend.
- Ein større arbeidsplass med fleire kollegaer, som vil vere ei endring både sosialt og fagleg.
- Samanslåing kan skape eit større og meir variert fagmiljø for lærarar. Dette kan føre til eit rikare samarbeid, og styrking av profesjonsfellesskapet og utvikle pedagogisk kompetanse.
- Stor skule kan gjøre det vanskelegare for lærarane å ha oversikt over den samla elevmassen, ved til dømes inspeksjon og liknande. På same tid er det fleire lærarar som har inspeksjon, og det blir vanskeleg å konkludere på om tilsynet vert svekka eller styrka.
- Det blir vanskelegare for lærarane å kjenne til alle elevane.

## Konsekvensar for lokalsamfunnet

- Vi vurderer at konsekvensane for lokalsamfunnet er minimale ved å gjøre dette tiltaket. Det vil framleis vere ein skule i området Flatene/Halbrend, og det vil framleis vere mogleg å nytte bygga etter skuletid som i dag.
- Vi legg òg til grunn at tap av ein skule i eige nabolag, er mindre konsekvens enn tap av skule i grend/tettstad. Med andre ord vil ikkje lokalsamfunnet i Førde sentrum vere særleg råka av tiltaket.

## Andre konsekvensar

- Ei samanslåing vil føre til meir effektiv bruk av ressursar, både når det gjeld personalkapasitet og bygningsmasse. Dette kan gi sektoren økonomisk handlingsrom.

## Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høy konsekvens og låg effekt (røde tiltak).

		Effekt og konsekvens						
		Konsekvens	1	2	3	4	5	
Høg			1	2	6	8	10	
			2	4	6	8	10	
			3	6	9	12	15	
			4	8	12	16	20	
Låg			5	10	15	20	25	
Effekt								
			1	2	3	4	5	
Låg							Høg	

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
5	3	15

**Vurdering:** Tiltaket er vurdert som grønt

# Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår gjennomføring av Tiltak A, «Heile Førde ungdomsskule», som eit langsiktig grep i tråd med vedtekne prinsipp om å sentralisere ungdomsskulane, og eit særleg fokus på skulestrukturen i Førde sentrum. Tiltaket inneber samanslåing av ungdomsskulane Førde og Halbrend i bygget til tidlegare Hafstad vidaregåande skule, samtidig som Halbrend vert etablert som ein 1.-7.-skule og Førde barneskule vert avvikla.

## Hovudgrunnar for tilrådinga:

- Langsiktig og berekraftig skulestruktur i samsvar med vedtekne prinsipp:** Tiltak A er utforma for å oppfylle kommunens mål om å sentralisere ungdomsskulekapasiteten i Førde sentrum, slik at ressursane kan nyttast meir effektivt og gi betre vilkår for både elevar og tilsette. På kort sikt vil kapasiteten ved dei aktuelle skulane vere på maksimum, noko som er ei utfordring og kan føre til press på både areal og ressursar. Dette er vurdert som akseptabelt i ein overgangsperiode, fram til elevtalet reduserer seg til eit lågare nivå.
- Effektiv ressursbruk og økonomisk gevinst:** Tiltaket fører til redusert behov for leiingsressursar og meir rasjonell drift. Det gir også kommunen moglegheit til å frigjere bygg til andre tenester eller for sal, som aukar økonomisk handlingsrom og reduserer investeringsbehovet i skulebygg.
- Stordriftsfordelar i undervisninga:** Ein samla ungdomsskule gir moglegheit til breiare fagtilbod og styrking av fagmiljøet, noko som fremjar fleksibilitet i tilpassa opplæring. Dette gjev betre grunnlag for rekruttering av lærarar med spesialkompetanse og hevar undervisningskvaliteten.
- Positiv effekt på elevmiljø og trivsel:** Tiltak A legg til rette for eit inkluderande ungdomsmiljø med større moglegheit for fellesskap i Førde sentrum. Eit større sosialt miljø styrker fellesskapskjensla og gir tilgang til ekstra ressursar som helsejukepleiarar og miljøarbeidrarar.
- Skuleskyss og trygg skuleveg:** Behovet for skuleskyss er vurdert til å vere tilnærma uendra, men kommunen er særleg uroa for skulevegen gjennom sentrum for elevane frå Haugum, Bergum og Hornes, som vil måtte ferdast langs trafikkerte vegstrekningar. Det må gjennomførast ei grundig kartlegging av trafikale forhold for å sikre at ferdsla for desse elevane er så trygg som mogleg. Vi kan risikere ei auke i kostnadane til skuleskyss dersom skulevegen vert vurdert som særleg farleg eller vanskeleg.
- Forbetra arbeidsmiljø for tilsette:** Samordna flytteprosess der dei tilsette kan forme ein ny skulekultur saman bidrar til eit sterkt og positivt profesjonsfellesskap, både sosialt og fagleg. Større miljø gjer også til at lærarane får betre føresetnader til å samhandle om fag.

Kommunedirektøren meiner at Tiltak A, med alternativ 1 der Flatene skule vert flytta til Halbrend, gir både faglege, økonomiske og organisatoriske fordeler. Tiltaket er i

tråd med vedtekne sentraliseringsprinsipp og representerer ei robust og langsiktig løysing som vil bidra til eit berekraftig skulestruktur i Sunnfjord kommune.